



Øystein Storheim  
Sæbøvegen 106  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3493 - 21/48771

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
06.07.2021

## Landbrukssak GBNR 482/1 Storheim - Svar på søknad om landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 789/21

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Øystein Storheim løyve til bygging av omsøkt veg på 482/1 Storheim.

### Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 31.07.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

### Saka gjeld

Øystein Storheim har søkt om bygging og oppgradering av til saman ca 420meter landbruksveg. Heile vegen skal ha vegklasse 4, landbruksvegforskrifta. Vegen skal gje tilkomst til skog på eigedommen, samt betre tilkomsten til beiter og mark. Det vert gjort små massetak på eigedommen for å få stein til vegen.

### VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet

til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen skal gje tilkomst til skog og betre tilkomsten til beita på eigedommen og er såleis i tråd med formålet.

Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i sjølve traseen eller på eigedommen.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Svar frå Vestland fylkeskommune ligg ved.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldlova  
Forvaltningslova  
Kulturminnelova  
Offentlegheitslova

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/3493

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Øystein Storheim

Sæbøvegen 106

5938

SÆBØVÅGEN

